



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	15.06.2015
Tid:	13:30 – 18:25

Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Camilla Storøy	MEDL	KRF
Arnulf Goksøy	LEDER	H

Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy	KRF
Idar Tarberg	Arnulf Goksøy	H

Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnes
Rådmanne Olaus-Jon Kopperstad
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Planleggar Hallvard Rusten
Økonomileiar Geir Egil Olsen

I ordføraren sitt fråvær leia varaordførar Tor Sindre Steinsvik møtet.

Til å skrive under protokollen saman med varaordføraren vart desse valde:
Olaug Andreassen og Ole Brubakk

Ingen hadde merknader til at F-sak 123/15 Runde Miljøsender – Besøkssenter våtmark, vart satt på saklista.

Desse skriva vart sett på saklista:

Notat u.off. §14, strategisk kjøp av eigedom

F-sak 123/15

Invitasjon til Sande kommune, kommunereform «nabopratt»

Notat u.off. §14, strategisk kjøp av eigedom

Formannskapet ber om at administrasjonen forhandlar vidare og kjem tilbake med sak når konkret tilbod ligg føre.

Kulturleiar Eilen Gjerde deltar på årsmøte i DÅS.

Tor Sindre Steinsvik orienterte om status i anbudsprosess kring omsorgsbustadar og base for heimetenesta.

Olaug Andreassen

Tor Sindre Steinsvik

Ole Brubakk

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 107/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 108/15	Protokoll frå førre møte
PS 109/15	Delegerte saker
PS 110/15	Referatsaker
PS 111/15	Bygg & System Eigedom AS - Handsaming av klage på sal av næringstomt på Mjølstadneset
PS 112/15	Sal av kommunalt areal som tilleggsareal til bustadtomt og omregulering på Arhaugen
PS 113/15	Hovudplan vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur. Sluttbehandling av hovudplan - vidare prosess.
PS 114/15	Kommunereform - status pr. 1. halvår 2015
PS 115/15	Godkjenning av årsrekneskapen for 2014
PS 116/15	Inndecking av det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014
PS 117/15	Herøy vasslag BA- Søknad om kommunal lånegaranti, stor NOK 30,0 mill kroner
PS 118/15	Budsjettkontroll per 30.04.2015
PS 119/15	Herøy kyrkjelege fellestråd - budsjettregulering 2015
PS 120/15	Finansrapport 1. tertial 2015
PS 121/15	Tertialrapport per 01.05.2015.
PS 122/15	Årsrapport 2014
PS 123/15	Runde Miljøsender - besøkssenter våtmark

Referatsaker

RS 28/15	Balanse Stiftinga Herøyspelet
RS 29/15	Avisinnlegg
RS 30/15	HE 02-15 MØTEPROTOKOLLEN - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET
RS 31/15	Vurdering kring nye bustadtomter på Runde
RS 32/15	Søknad om støtte
RS 33/15	Strategisk kjøp av eigedom

DS 7/15

Delegerte saker frå avdelingane

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

PS 107/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste

PS 108/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 109/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre

PS 110/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre

PS 111/15 BYGG & SYSTEM EIGEDOM AS - HANDSAMING AV KLAGE PÅ SAL AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 15.06.2015

1. Formannskapet tek klagen frå Bygg & System Eigedom AS delvis til følgje og reduserer prisen for næringstomt på Mjølstadneset til kr 150,- pr m2 for området merka med B, og ein reduksjon i prisen for området merka med A til kr 320 pr m2. I tillegg kjem kostnader til oppmåling og frådeling, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

2. Grunngeving for å ta klagen til følge er at området B ikkje er tilstrekkeleg opparbeidd areal og soleis ikkje byggjeklart. Området A krev også ytterlegare opparbeiding før utbygging kan skje.
3. Sal av næringsareal blir gjennomført etter gjeldande retningslinjer.
4. Inntekt ved sal av grunneigedomen skal reknskapsførast i tomtefondet.
5. Ordførar får fullmakt til å signere kjøpekontrakt i tråd med ovannemnde vedtak.

PS 112/15 SAL AV KOMMUNALT AREAL SOM TILLEGGSAREAL TIL BUSTADTOMT OG OMREGULERING PÅ ARHAUGEN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 15.06.2015

1. Herøy kommune sel areal avgrensa på vedlagt kartutsnitt til Martin Bøe for kr 100 ,- pr m2. Arealet skal innlemmast som tilleggsareal til tomt bnr. 16, bnr. 106.
2. Administrasjonen endrar reguleringsplan for Bø-Arhaug i samsvar vedlagt vedtak i FUP-sak 014/98.
3. Ordførar får fullmakt til å signere avtale om sal av areal og eigedomsoverdraging på vegne av kommunen.

PS 113/15 HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR. SLUTTBEHANDLING AV HOVUDPLAN - VIDARE PROSESS.

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag SA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.

Eit samrøystes formannskap endra «samla kommunalt vassverk» til «samla vassverk» i punkt 1 i tilrådinga.

Idar Tarberg kom med slikt nytt punkt 2:

Samanslåing av vassverka må vere tufta på frivilligheit, og kvart enkelt vassverk må stå fritt om dei vil gå inn i eit samla vassverk

Framlegget frå Idar Tarberg vart vedteken mot 1 røyst.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at Hovudplan vassforsyning, sist revidert 04.06.2015, skal leggest til grunn for den vidare utviklinga av vassforsyninga i kommunen. Med tilvising til hovudplanen og konklusjonane i denne ber kommunestyret om at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på å førebu samanslåing av dagens private vasslag/-verk til eit samla vassverk. Det bør vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift seinast innan 2020.
2. Samanslåing av vassverka må vere tufta på frivilligheit, og kvart enkelt vassverk må stå fritt om dei vil gå inn i eit samla vassverk

PS 114/15 KOMMUNEREFORM - STATUS PR. 1. HALVÅR 2015

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slik samrøystes tilråding:

Kommunestyret gjev fylgjande mandat til *arbeidsgruppa for kommunereforma*:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil starte slike møter med fylgjande kommuner:

- Sande
- Vanylven
- Hareid

Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma*.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Kommunestyret gjev fylgjande mandat til *arbeidsgruppa for kommunereforma*:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil starte slike møter med fylgjande kommuner:

- Sande
- Vanylven
- Hareid

Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma*.

PS 115/15 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2014 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

PS 116/15 INNDEKNING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MEIRFORBRUKET I DRIFTSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014, kr 934.821,00, vert dekt inn ved bruk av kommunens disposisjonsfond.

Konto 19404/9017/880 Bruk disposisjonsfond – opp NOK 934.821,00

PS 117/15 HERØY VASSLAG BA- SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR NOK 30,0 MILL KRONER

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Vedlegg til saka vart delt ut i møte.

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag SA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål då faren er varamedlem i Herøy Vasslag SA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 2. ledd.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slikt tillegg:

Garantien blir gitt med føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Herøy kommune vil yte ein kommunale lånegaranti (simpler kausjon eller selvskyldnerkausjon) på inntil 30,0 mill kr + 10% til Herøy Vasslag SA.

Garantien blir gitt med føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

PS 118/15 BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2015

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

- 1 Budsjettkontrollen per 30.04.2015 vert teken til vitande
- 2 Ein må jobbe kontinuerleg med kostnadskontrollen framover

PS 119/15 HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD - BUDSJETTREGULERING 2015

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Tor Sindre Steinsvik reiste habilitetsspørsmål då han er leiar i Herøy kyrkjelege fellsråd. Han går frå under handsaming av habilitet.
Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend habil.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy leia møtet under handsaming av habilitet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

1. Herøy kommune finn å kunne auke overføringane til Herøy kyrkjelege fellesråd med kr 250.000,- eller om lag 3,75% til i alt kr 6.110.000,-.

Det medfører slik budsjettendring:

- Konto 14700 (overføringar til andre), ansvar 1281 (overføring til religiøse organisasjonar) og funksjon 390 (den Norske kyrkje) opp kr 250.000,-
 - Konto 15400 (bruk av disp fond), ansvar 1281 og funksjon 390 opp kr 250.000,-
2. Den resterande delen bes fellesrådet finansiere ved hjelp av eige disposisjonsfond.

PS 120/15 FINANSRAPPORT 1. TERTIAL 2015

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

1. Finansrapporten per 30.04.2015 vert teken til vitande.

PS 121/15 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2015.

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

PS 122/15 ÅRSRAPPORT 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Årsrapport 2014 vert godkjend.

PS 123/15 RUNDE MILJØSENER - BESØKSENER VÅTMARK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 15.06.2015

1. Herøy formannskap meiner at etablering av besøksenter våtmark på Runde er av stor verdi sett i lys av dei unike naturkvalitetane området har, og gir si støtte til initiativet om etablering av eit slikt senter.
2. Kommunen si støtte til etableringa er forankra i kommuneplanens samfunnsdel, samt andre vedtak som støttar Runde MiljøseNER si verksemd.

MØTET SLUTT!